

ÅRETS HAPPENING

# Nordfjordkonferansen

Operahuset Nordfjord

**11. JUNI 2024**

Inviro, i samarbeid med Vestland fylkeskommune og alle fem kommunane i Nordfjord, inviterer til Nordfjordkonferansen 2024.

Næringskonferansen er open for alle interessentar på tvers av kommunegrenser og bransjar/næringar.

Tema for konferansen er:  
"Bu, leve og arbeide i Nordfjord"



**Erling Sande**  
Kommunal-  
og distriktsminister



**Helene Frihammer**  
Regionsdirektør  
NHO Vestland



**Jon Askeland**  
Fylkesordfører  
Vestland fylkeskommune



**Kristine Dahl**  
Kommunedirektør  
Stad kommune



**Arild Bødal**  
Norva24



**Sindre S. Reed**  
Pocket ID



**Sindre Kvalheim**  
Local host



**Knut Tore  
Nes Hjelle**  
Bonde



**Randi Humborstad**  
Måløy Vekst



**Inge Solheim**  
Inspirator,  
eventyrar og polfarar



**Mats Andersson**  
Konferansier



**Eivind Kandal**  
Musikalsk innslag



**Sigurd Reksnes**  
Velkomen





# Om Nordfjordkonferansen

I Nordfjord bur det i dag i overkant av 30.000 mennesker, og det er ein fantastisk stad å bu, leve og arbeide.

Næringslivet i Nordfjord er både konkurransedyktig, levande og i vekst. Vi har fordelar med at vi bur der verdiane blir skapt, og det er noko arbeidsgivarar og arbeidstakarar er stolte av.

Vi har eit variert, robust, innovativt og spanande privat næringsliv, og vi har ein offentlig sektor som ser moglegheiter, er framsynte og heiar på dei som vil skape noko i regionen.

Vi har sterke og rike naturressursar, og med det rein energi som skal legge til rette for både dagens og framtidens arbeidsplassar og eit grønare arbeidsliv.

Dette legg grunnlaget for at Nordfjord, no og i framtida, framleis skal vere ein god stad å bu, leve og arbeide.

Nordfjordkonferansen er ein møteplass, inspirasjonsarena og ein næringskonferanse som bidreg til eit berekraftig næringsliv på tvers av offentlig og privat sektor, framtidige arbeidstakarar / arbeidsgivarar i Nordfjord og mellom ulike bransjar og næringar.

Vi har eit svært spennande program, både knytt til nasjonale og regionale tematikkar, men hovudfokuset skal vere på Nordfjord og folka som bur, leve og arbeida her.

Gjennom Nordfjordkonferansen styrkjer vi saman regionens posisjon og identitet.

Velkomen til  
Operahuset Nordfjord

**11. JUNI 2024**

Opent for alle!  
Billettbestilling via [operahuset.no](https://operahuset.no)



## PROGRAM

# Nordfjordkonferansen

<b>08:30 – 08:37</b>	VELKOMEN TIL NORDFJORDKONFERANSEN V. KONFERANSIER <b>MATS ANDERSSON</b>	<b>12:15 – 12:25</b>	MUSIKALSK INNSLAG NORDFJORDSONGEN FRAMFØRT AV <b>EIVIND KANDAL</b>
<b>08:38 – 08:45</b>	VELKOMEN TIL STAD KOMMUNE OG NORDFJORD V. ORDFØRAR I STAD KOMMUNE <b>SIGURD REKSNES</b>	<b>12:25 – 13:10</b>	“KVA ER MOGLEG? INDIVIDUELT- OG KOLLEKTIVT POTENSIALE” V. POLFARAR OG EVENTYRAR <b>INGE SOLHEIM</b>
<b>08:45 – 09:20</b>	“ATTRAKTIVE LOKALSAMFUNN I HEILE LANDET – NY OG FORSTERKA DISTRIKSPOLITIKK” V. KOMUNNAL OG DISTRIKSMINISTER <b>ERLING SANDE</b>	<b>13:10 – 13:30</b>	“KORLEIS SKAPE DRAUMJOB BEN I MÅLØY” V. INSPIRATOR OG DAGLEG LEIAR <b>RANDI HUMBORSTAD</b>
<b>09:20 – 09:50</b>	“VI UTVIKLAR VESTLAND – KLAR FOR NESTE STEG?” V. FYLKESORDFØRAR <b>JON ASKELAND</b>	<b>13:30 – 13:50</b>	“HARDT ARBEID, BU-LYST OG FRAMTIDSTRU” V. KOMMUNEDIREKTØR OG NORDFJORD-ENTUSIAST <b>KRISTINE DAHL</b>
<b>09:50 – 10:15</b>	KAFFEPAUSE	<b>13:50 – 14:20</b>	KAFFEPAUSE M. NOKO ATTÅT
<b>10:15 – 10:35</b>	“VEKST OG INTERNASJONALISERING” V. NÆRINGSUTVIKLAR OG STYRELEIAR <b>ARILD BØDAL</b>	<b>14:20 – 14:40</b>	“AI, KAPITAL, GRUNDERE OG DIGITALISERING. NÅ GÅR TOGET” V. MOTIVATOR OG DAGLEG LEIAR <b>SINDRE KVALHEIM</b>
<b>10:35 – 10:55</b>	“FRÅ SNIKKAR TIL TECH-GRUNDER” V. GRUNDER OG DAGLEG LEIAR <b>SINDRE SEPPOLA REED</b>	<b>14:40 – 15:00</b>	“NORDFJORD I LAGSPEL FOR FRAMTIDA” V. REGIONSDIREKTØR I NHO VESTLAND <b>HELENE FRIHAMMER</b>
<b>10:55 – 11:15</b>	“LANDBRUK I NORDFJORD – BEREDSKAP MIDT I SMØRAUGET” V. BONDE OG “NORDFJORDING” <b>KNUT TORE NES HJELLE</b>	<b>15:00 – 15:10</b>	<b>AVSLUTNING</b>
<b>11:15 – 12:15</b>	LUNSJ OG MINGLING	<b>15:10</b>	SLUTT

## 11. JUNI 2024

Operahuset Nordfjord

Opent for alle!  
Billettbestilling via [operahuset.no](https://operahuset.no)

## FOREDRAGSHALDARAR

# Nordfjordkonferansen



**Erling Sande** har vore stortingsrepresentant for Sogn og Fjordane i ei årrekke, først som møtande vara og seinare som fast representant. I oktober 2023 vart han utnemnd til kommunal- og distriktsminister. Erling har røtter til både Bremanger og Gloppen, og lenge vore ei tydeleg og sterk stemme i den offentlege debatten.



**Jon Askeland** er inne i sin andre periode som fylkesordfører i Vestland fylkeskommune. Med eit brennande engasjement for både næringsliv og politikk har Jon fått ein viktig rolle i Vestland fylke dei komande fire åra. Jon er ein særleg forkjempar for vekst og vekstkraft i lokalsamfunna.



**Sindre Seppola Reed** frå Gloppen, er grunder og dagleg leiar i selskapet Pocket ID. Over 170.000 elevar nyttar dagleg tenester som selskapet leverer. Sindre er eit strålende eksempel på korleis ein kan starte som grunder og korleis ein kan etablerer seg i distrikts-Noreg.



**Inge Solheim** er ein av verdens leiande adventure og polarguidar. Opprinneleg kjem Inge frå Gudbrandsdalen, men forelska seg i Olden og Nordfjord. Med fleire ekspedisjonar til Nordpolen, Sydpolen, Svalbard, Grønland, Himalaya m.m. brenn Inge for å hjelpe menneskjer med å oppdage gleder ved friluftsliv, bli kjent med seg sjølv og nå sine målsettingar.



**Kristine Dahl** er kommunedirektør i Stad kommune, jobbar for tilrettelegging av Stad skipstunnel og er prosjektleiar for Statens hus. Kristine er over gjennomsnittet interessert i å skape aktivitet og lokal verdiskaping i Stad og Nordfjord, og er ein inspirasjon for den oppveksande generasjonen på kva ein kan få til, dersom ein jobbar hardt for det.

**Helene Frihammer** vart i 2021 tilsett som regiondirektør i NHO Vestlandet. Helene er oppvokst i Bremanger og Nordfjord og er særleg oppteken av næringsliv, politikk og organisasjonsliv. Helene har eit smittande engasjement og har ei viktig rolle for næringslivet i Nordfjord.



**Arild Bødal** er ein inspirasjon i høve næringsutvikling i Nordfjord. Arild, som kanskje ikkje er den som er mest i media, har bidrege til over 200 arbeidsplassar i Stryn med bedrifter som i dag er kjende både nasjonalt og internasjonalt.



**Knut Tore Nes Hjelle** er først og fremst bonde. Men, i tillegg er han politiker, 2. nestleiar i Vestland bondelag, frivillig, styreleiar, styremedlem, trenar m.m. Knut Tore har eit stort engasjement, og er genuint oppteken av Nordfjord som eit bu, leve og arbeids område.



**Randi Humborstad** er ein av drivkreftene i Måløy som, via Måløy Vekst, arbeider for vekst i næringslivet og for bulyst i kommuna. I over 14 år har Randi vore ein viktig ressurs for kva Måløy og Nordfjord kan skape, og er eit svært godt eksempel på kva eldsjeler kan utrette i distrikts Noreg.



**Sindre Kvalheim** har i ei årrekke bidrege til utvikling, nye bedrifter og arbeidsplassar i Måløy og Nordfjord. Sindre har ein kjærleik for teknologi og innovasjon, og det er få som har eit liknande engasjement, kompetanse og som på same tid kan vere like inspirerende som Sindre.



## KONFERANSIER



**Mats Andersson** er marknadsdirektør i eit av verdas grønaste datasenter, Lefdal Mine Datasenter, og er eit kjent ansikt for dei fleste i Nordfjord. Mats har gjennom ei svært innhaldsrik karriere, og med sin utadvende personlegheit og humor, evna til å fengje publikum og skape ei god atmosfære.

## MUSIKALSK INNSLAG



**Eivind Kandal** er odelsgutten som har starta eit einestående livsprosjekt i Kandalen saman med partnaren Torstein Kollevåg. I tillegg til dette er Eivind ein fantastisk operasongar som har arbeida både lokalt, nasjonalt og internasjonalt, og mange har nok sett Eivind i rolla i både "Sildagapet" og "La Boheme" på Opera Nordfjord

**11. JUNI 2024**  
Operahuset Nordfjord